

Innkalling

Utval: Stranda kontrollutval
Møtestad: Stranda rådhus, Formannskapssalen
Dato: 01.04.2025
Tidspunkt: 15:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 92611735

Varamedlem møter etter nærare beskjed frå sekretariatet.

Sakliste

PS 07/25 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 08/25 Orienteringar
OS 01/25 Økonomireglement vedteke i Stranda kommunestyre
06.02.2025
PS 09/25 Meldingar og skriv
MS 03/25 Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025
PS 10/25 Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2024 Stranda
Hamnevesen KF
PS 11/25 Handsaming av prosjektplan for forvaltningsrevisjon -
Personalforvaltning

Ålesund, 25.03.2025

Helge Kvame
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 07/25 Stranda kontrollutval

Møtedato
01.04.2025

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste. Samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Stranda kontrollutval - 11.02.2025

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 08/25 Stranda kontrollutval

Møtedato
01.04.2025

Orienteringar

Underliggende saker

01/25 Økonomireglement vedteke i Stranda kommunestyre 06.02.2025

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
OS 01/25	Stranda kontrollutval	01.04.2025

Økonomireglement vedteke i Stranda kommunestyre 06.02.2025 Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Stranda kommestyre vedtok på sitt møte 6. februar 2025 nytt økonomireglement for kommunen, sak 008/25.

På side 17 i reglementet er kontrollutvalet tillagt ei oppgåve som utvalet bør være kjend med.

Byggjeprojektrekneskap over 80 mill. kroner skal ha eigen revisorattestasjon, og også leggjast fram for kontrollutvalet.

Konstituert økonomisjef Anne Vibeke Korsedal vil orientere om dette på møte i kontrollutvalet 1. april 2025.

Vedlegg

Økonomireglement Stranda kommune

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 09/25 Stranda kontrollutval

Møtedato
01.04.2025

Meldingar og skriv

Underliggende saker

03/25 Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 03/25	Stranda kontrollutval	01.04.2025

Nytt frå FKT (forum for kontroll og revisjon) mars 2025 Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunnsinformasjon:

Stranda kommune ved kontrollutvalet er medlem i Forum for kontroll og tilsyn. Vedlagt er nyhendebrevet for mars 2025.

Vedlegg

Nytt fra FKT mars 2025

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 10/25	Stranda kontrollutval	01.04.2025

Uttale om årsrekneskap og årsmelding 2024 Stranda Hamnevesen KF Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tilrår Stranda kommunestyre å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2024 for Stranda hamnevesen KF.

Bakgrunnsinformasjon:

Kontrollutvalet har det overordna ansvaret med å sjå til at det blir ført kontroll med at økonomiforvaltninga til kommunen går føre seg i samsvar med gjeldande avgjersler og vedtak, jf. kommunelova § 23-2.

Ansvaret til kontrollutvalet for å føra kontroll med økonomiforvaltninga blir framheva i kommunelova som eit særskilt ansvar ved sida av ansvaret for rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapkontroll. Dagens kommunelov stiller ei rekkje nye og grunnleggande krav til økonomiforvaltning og berekraft i kommunane, jf. kommunelova § 14-1. Dette krev at økonomisk handleevne må takast vare på over tid, planer for eiga verksemd og økonomi skal vera realistiske, finansielle middel og gjeld skal forvaltast utan vesentleg finansiell risiko og betalingsforpliktingar skal innfriast ved forfall.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapane og årsmeldingane før formannskapet innstiller til vedtak, jf. kommunelova § 14-3. Kommunen skal og utarbeide rekneskap for kvart kommunale føretak. Jf. kommunelova § 14-6.

Vurdering:

Kontrollutvalet skal 1. april 2025 handsame årsrekneskap og årsmelding 2024 for Stranda Hamnevesen KF, som er elektronisk signert av styret i føretaket 25/26/27. februar 2025, samt tilhøyrande revisjonsmelding frå Møre og Romsdal Revisjon SA datert 4. mars 2025. Stranda Hamnevesen KF har i 2024 eit netto driftsresultat på 16.653.217 NOK.

Kontrollutvalet og sekretariatet har vurdert det dei har fått lagt fram av dokument og informasjon. Vi er ikkje er gjort kjent med andre forhold som kunne hatt konsekvens for uttalen frå kontrollutvalet.

Det betyr det at revisjonen ikkje har avdekt eller påvist vesentlege feil og manglar i føretaket si rapportering. Det blir vist til vedlagde revisjonsmelding frå oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram. Det er ikkje feil eller manglar som er teke opp av revisor i revisjonen av årsrekneskap og årsmelding 2024.

Sekretariatet tilrår difor at kontrollutvalet rår kommunestyret til å godkjenne årsrekneskap og årsmelding 2024 i sin uttale.

Vedlegg

Stranda hamnevesen KF årsrekneskap 2024

Stranda hamnevesen KF årsmelding 2024

Uavhengig revisor si revisjonsmelding 2024

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 11/25	Stranda kontrollutval	01.04.2025

Handsaming av prosjektplan for forvaltningsrevisjon - Personalforvaltning Stranda kontrollutval

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i Stranda kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert. Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i prosjektplanen.

Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Bakgrunnsinformasjon:

Frå møteprotokollen til Stranda kontrollutval 11.02.2025:

Sak 03/25:

Vedtak:

Stranda kontrollutval bestiller ein prosjektplan frå Møre og Romsdal Revisjon SA for gjennomføring av forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i tråd med dei punkta som kjem fram i saka. Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere prosjektplanen med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne planen skal leggast fram på neste møte i Stranda kontrollutval 1.april 2025 og skal være grunnlaget for arbeidet med endeleg rapport.

Vurdering:

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå oppdragsansvarleg Terje Gundersen-Røvik i kommunerevisjonen. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Det er også mogleg å diskutere nærare denne planen i møtet og kome med innspel. Kontrollutvalet i Stranda kommune bør difor vedta forslag til prosjektplan og starte opp arbeidet med forvaltingsrevisjon i tråd med dette.

Dersom utvalet ynskjer vesentlege endringar i prosjektplanen som er lagd fram, vil det vere naturleg å be revisor om å utarbeide ein revidert plan som kan handsamast på etterfølgjande møte. Dersom dette medfører store forseinkingar, kan kontrollutvalet gje kontrollutvalsleiar, eventuelt i samarbeid med kontrollutvalssekretæren, fullmakt til å akseptere den reviderte planen. Ein kan opplyse om at det har vore møte mellom kommunerevisjonen og sekretariatet i arbeidet med framlagte prosjektplan.

Vedlegg

Prosjektplan forvaltningsrevisjn 2025 - personalforvaltning